- gjev konsernrekneskapen eit rettvisande bilete av konsernet si finansielle stilling per 31. desember 2024 og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

*Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen.* Vi er uavhengige av selskapet og konsernet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

*Ytterlegare informasjon*

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee ("DTTL"). DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL and Deloitte NSE LLP do not provide services to clients. Please see www.deloitte.com/about to learn more about our global network of member firms.

Registrert i Foretaksregisteret
Medlemmer av Den norske Revisorforening
Organisasjonsnummer: 980 211 282

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte.

Melding frå uavhengig revisor
Sirius Sogn AS

*Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen*

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar medrekneskapslovasine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

*Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet og konsernet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi på om leiinga si bruk av framleis drift-føresetnaden er formålstenleg og, basert på innhenta revisjonsbevis, om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, krevjes det at vi i revisjonsmeldinga gjer merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta fram til datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet og konsernet ikkje kan halde fram drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.
- innhentar vi tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Deloitte.

Melding frå uavhengig revisor
Sirius Sogn AS

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde innhaldet i revisjonen, tidspunkt for revisjonsarbeidet, og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom revisjonen.

Sogndal, 20. juni 2025
Deloitte AS

**Gunn Irene Sviggum Bruheim**
statsautorisert revisor

3

Sirius Sogn AS

# Årsmelding 2024
# Sirius Sogn AS

Sirius Sogn AS eig 52% av ANI Gruppen AS, og 50% i 1 eigedomsselskap. Hovedgeskjeften til underliggande døtre er bilsalg, bilutleige og utleigebygg. Selskapet har tilknytta selskap både gjennom døtre og direkte i Sirius Sogn AS.

## Sirius Sogn AS




**Om bedrifta**

Sirius Sogn AS har forretningsadresse i Sogndal kommune. Sirius Sogn AS har ingen tilsette. Det er ingen forsikringar eller pensjonsforpliktelsar knytt til selskapet. Sirius Sogn AS er eit morselskap i konsernet og det er ca 60 tilsette knytt til driftsselskapa i ANI Gruppen. I desse er det forsikringar og pensjonsforpliktelsar gjennom Gjensidige.

Tor Arne Ness er dagleg leiar for Toyota Sogn AS og ANI Utleige AS. Kim Ronny Lykkebø er dagleg leiar for Bilhuset Førde AS. ANI Anlegg AS er eit eigedomsselskap og ANI Gruppen AS er eit holdingselskap, begge er registrert utan dagleg leiar.

Sirius Sogn AS

**Marknad**

Selskapa er mest eksponert i bilbransjen, og det gjeld også tilhøyrande eigedomsselskap. Marknaden har dei siste åra vore gode, og 2024 vart eit år med godt bilsal og høg leveranse. På sikt er risikofaktorane den generelle marknadssituasjonen, leveranseproblem og eit framtidig restverdiansvar. Dette er dog ein risiko som styret ikkje vurderer som veldig høg for våre selskap.

**Forsking og Utvikling**

Selskapa driv ikkje forsking og utvikling

**Økonomi**

**Omsetnad og resultat i konsernet**

Sirius Sogn AS konsernet har i 2024 hatt ein omsetning på kr 408.910.222 mot kr 454.680.390 i 2023.

Årsresultat for konsernet før minoritetsinteresse er på kr 15.013.158 i 2024 mot kr 17.790.682 i 2023.

Styret er nøgde med resultatet i 2024. Godt resultat er viktig for å halde fram med ei god verdiskaping og for å forsvare nødvendige investeringar i framtida.

**Kontantstraum og balanse konsern**

Kontantstraum frå drifta var i 2024 på kr 36.482.547,-. Netto kontantstraum frå investering er NOK -17.209.874,-. Langsiktig gjeld er totalt kr. 39.116.336,- og etter refinansiering er netto kontantstraum frå finansieringsaktiviteter NOK -15.925.255,-.

Konsernet har tilsaman 10.462.736 på bankkonto pr. 31.12.2024

Totalbalansen er på NOK 184.985.134, ein nedgang frå NOK 201.409.167 i 2023.

Bokført eigenkapital pr.31.12.2024 var på NOK 99.423.078 mot kr 90.069.921 pr 31.12.2023

Sirius Sogn AS konsernet sin finansielle marknadsrisiko er primært knytta til renterisiko. Man har flytande rente på låna og endringar i rente vil medføre ein auka kostnad for konsernet. Vidare ser man at det er utfordringar knytt til leveransar og restverdiar på bilar.

**Økonomi morselskap**

Sirius Sogn AS har ingen aktivitet utover å eige aksjer. Utbytteinntektene var i 2024 NOK 6.340.000.

Årsresultat er på NOK 6.150.916 mot NOK 5.377.490 i 2023.

Eigenkapitalen pr. 31.12.2024 var på NOK 37.449.993 mot kr. 32.599.077 pr. 31.12.2023

**Fortsatt drift**

Det er etter styret si oppfatning av årsmeldinga og årsrekneskap for morselskapet og konsernet gjev eit rettvisande bilde av resultat, utvikling og økonomisk stilling. Styret

Sirius Sogn AS

stadfestar at åsrekneskapen for 2024 er satt opp etter forutsetningen om fortsatt drift og at denne forutsetningen er tilstades.

**Forsikring**

Det er ikkje teikna styreansvarsforsikring.

**HMS og arbeidsmiljø**

Styret vurderer arbeidsmiljøet i konsernet som godt. Konsernet skal vere ein trygg arbeidsgivar gjennom våre eigarskap, både for det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet. Vi har som mål å ikkje ha personskadar på arbeidsplassen, og jobbar med førebyggjande arbeid og arbeidsmiljø. Vi gjennomfører årlege kartleggingar på arbeidsmiljø, og scorar relativt godt på trivsel og utvikling. Vi er ein organisasjon med relativt lågt sjukefråvær i snitt, men det er forskjell i selskapa og nokre langtidssjukemelde har gjort utslag i 2024. Det er eit godt samarbeid med tillitsvalde og verneombod.

**Likestilling og diskriminering**

Eit inkluderande arbeidsmiljø er viktig og Sirius Sogn konsernet jobbar for dette. Bilbransjen har vore og er fortsatt mannsdominert. I 2024 var ca 7 % av konsernets sine tilsette kvinner. Styret har ikkje sett det som nødvendig å sette i verk eigne tiltak for å fremme likestilling.

**Miljø**

Det å ha eit bevisst forhold til indre og ytre miljøpåverknader er viktig for oss. Dette gjeld alle våre selskap. Toyota Sogn AS, ANI Utleige AS og Skadesenteret Sogn AS er sertifiserte miljøfyrtårn. Selskapet har ingen påverknad på ytre miljø.

**Samfunnsansvar og konsernfokus**

Styret er særs nøgde med innsatsen og samspelet som dei tilsette har lagt ned i alle ledd. Ein av våre drivarar er å kunne skape trygge arbeidsplassar, ein anna er å kunne bidra til å utvikle samfunnet me bur i.

Åpenhetsloven tredde i kraft 1 juli 2022 og skal førebyggje menneskerettigheitsbrot og uanstendige arbeidsforhold hjå verksemdene, verksemdenes forretningsforbindelsar og nedover i leverandørkjeda. Sirius Sogn AS vert omfatta av åpenhetsloven, og redegjørelsen finn du på konsernsida www.movesogn.no/apenhetslov.

Kaupanger, 20. juni 2025

Tor Arne Ness

Tor Arne Ness
Styreleiar

# Sirius Sogn AS

## Konsernrekneskap
## 2024

**KONSERNREKNESKAP**
**SIRIUS SOGN AS**
**RESULTATREKNESKAP 2024**

| DRIFTSINNTEKTER | NOTE | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| Salgsinntekt | | 408 910 222 | 454 680 390 |
| Annan driftsinntekt | | 1 323 699 | 1 312 847 |
| **Sum driftsinntekter** | 1 | **410 233 921** | **455 993 237** |
| **DRIFTSKOSTNADAR** | | | |
| Varekostnad | | 317 218 750 | 357 785 474 |
| Lønnskostnad | 2 | 34 131 356 | 33 825 223 |
| Ordinære avskrivingar | 5 | 5 501 729 | 6 345 823 |
| Annan driftskostnad | 2 | 32 368 885 | 32 985 167 |
| **Sum driftskostnadar** | | **389 220 720** | **430 941 687** |
| **Driftsresultat** | | **21 013 201** | **25 051 550** |
| **FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADAR** | | | |
| Inntekt på investering i tilknyttet selskap | 10 | 1 419 615 | 1 277 323 |
| Annen renteinntekt | | 1 075 546 | 229 024 |
| Annen finansinntekt | | 1 261 715 | 621 539 |
| **Sum finansinntekter** | | **3 756 876** | **2 127 886** |
| Rentekostnad | | 3 441 452 | 2 988 861 |
| Finanskostnad | | 2 319 132 | 1 682 498 |
| **Sum finanskostnader** | | **5 760 584** | **4 671 359** |
| **Netto finansresultat** | | **-2 003 708** | **-2 543 473** |
| **Resultat før skattekostnad** | | **19 009 493** | **22 508 077** |
| Skattekostnad | 4 | 3 996 335 | 4 717 396 |
| **ÅRSRESULTAT FØR MINORITETENS ANDEL** | 1 | **15 013 158** | **17 790 681** |
| Minoritetens andel av årets resultat | | 3 962 220 | 8 324 496 |
| **ÅRSRESULTAT ETTER MINORITETENS ANDEL** | | **11 050 938** | **9 466 185** |
| **OVERFØRINGAR** | | | |
| Avsatt utbytte | | 1 300 000 | 6 000 000 |
| Overført til anna eigenkapital | | 13 713 158 | 11 790 682 |
| Sum overføringar | 8 | 15 013 158 | 17 790 681 |

**KONSERNREKNESKAP**
**SIRIUS SOGN AS**
**BALANSE PR 31.12.2024**

| EIGEDELER | NOTE | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **Anleggsmidlar** | | | |
| **Immaterielle eigedeler** | | | |
| Utsatt skattefordel | 4 | 3 512 727 | 3 029 016 |
| **Sum immaterielle eigedeler** | | 3 512 727 | 3 029 016 |
| **Varige driftsmidlar** | | | |
| Tomter, bygningar og annan fast eigedom | 5, 9 | 67 125 474 | 68 135 751 |
| Maskiner og inventar | 5, 9 | 6 208 415 | 6 357 692 |
| **Sum varige driftsmidlar** | | 73 333 889 | 74 493 443 |
| **Finansielle anleggsmidlar** | | | |
| Aksjar i tilknytta selskap | 10 | 10 090 671 | 8 671 056 |
| Premiefond | | 19 131 | 5 535 |
| Andre langsiktige fordringer | | 200 000 | - |
| Investering i aksjer og andeler | 1 | 10 910 396 | 3 900 911 |
| **Sum finansielle anleggsmidlar** | | 21 220 198 | 12 577 502 |
| **Sum anleggsmidlar** | | **98 066 814** | **90 099 961** |
| **Omløpsmidlar** | | | |
| Varelager | 9 | 60 954 769 | 68 211 776 |
| Kundefordringar | 9, 1 | 9 078 399 | 29 777 851 |
| Andre kortsiktige fordringar | 1 | 6 422 416 | 6 204 265 |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | 1 | 10 462 736 | 7 115 315 |
| **Sum omløpsmidlar** | | **86 918 320** | **111 309 207** |
| **SUM EIGEDELER** | 1 | **184 985 134** | **201 409 168** |

**KONSERNREKNESKAP**
**SIRIUS SOGN AS**
**BALANSE PR 31.12.2024**

| GJELD OG EIGENKAPITAL | NOTE | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **EIGENKAPITAL** | | | |
| **Innskoten eigenkapital** | | | |
| Aksjekapital | 3 | 30 000 | 30 000 |
| Overkurs | 8 | 4 000 | 4 000 |
| **Sum innskoten eigenkapital** | 8, 7 | **34 000** | **34 000** |
| **Opptent eigenkapital** | | | |
| Anna eigenkapital | | 70 577 804 | 59 426 867 |
| Minoritetsinteresser | | 28 811 274 | 30 609 054 |
| **Sum eigenkapital** | 8, 7 | **99 423 078** | **90 069 921** |
| **GJELD** | | | |
| **Annan langsiktig gjeld** | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 9, 6 | 39 116 336 | 49 148 632 |
| **Sum annan langsiktig gjeld** | | 39 116 336 | 49 148 632 |
| **Sum langsiktig gjeld** | 11 | **39 116 336** | **49 148 632** |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 9 | 21 246 579 | 22 424 154 |
| Leverandørgjeld | | 8 715 902 | 9 896 616 |
| Betalbare skattar | 4 | 4 480 047 | 5 474 873 |
| Skuldig offentlege trekk og avgifter | | 4 945 140 | 9 475 380 |
| Avsett utbytte | 8 | 1 300 000 | 6 000 000 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 5 758 052 | 8 919 592 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **46 445 720** | **62 190 615** |
| **SUM GJELD OG EIGENKAPITAL** | 1 | **184 985 134** | **201 409 168** |

Sogndal, 20.06.2025

Tor Arne N

Styrets leder/ Daglig leder

# SIRIUS SOGN AS

## NOTAR TIL KONSERNREKNESKAPEN 2024

**Note 1 Rekneskapsprinsipp**

Arsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa vert gjort greie for nedanfor

**Inntektsføring og kostnadsføring**
Inntektsføring i rekneskapen skjer ved levering av vare eller tenester til kunde. Kostnader vert medteken i rekneskapen i den perioden dei er påløpt.

**Kontantstraumoppstilling**
Kontantstraumoppstillingen er utarbeida etter den indirekte metoden.

**Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigendelar og gjeld**

Eigendelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigendelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriteriar lagt til grunn. Anleggsmidlar er vurdert til kostpris, men nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet er forventa ikkje å være forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive planmessig over økonomisk levetid. Langsiktig lån er ført opp i balansen til pålydande.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er ført opp i balansen til pålydande. Kortsiktig gjeld er ikkje oppskrive til verkeleg verdi som følgje av renteendring. Enkelte postar er vurdert etter andre prinsipp og vert gjort greie for nedanfor.

**Immaterielle eigendelar**
Immaterielle eigendelar kjøpt enkeltvis er balanseført til kostpris når kriteria for balanseføring er oppfylte. Eigedeler med begrensa økonomisk levetid blir avskrivne planmessig og skrivne ned til gjenvinnbart beløp dersom dei forventa økonomiske fordelane tilknytta eigedelene ikkje dekker balanseførd verdi.

**Aksjar og andelar i tilknytta selskap og dotterselskap**
Andeler i tilknytta aksjeselskap er oppført etter eigenkapitalmetoden, med balanseført tilgang etter kostmetoden, justert for nettoresultat frå selskapa. Andel av resultatet er sett opp under finanspostar.

**Varer**
Varer er vurdert til det lågaste av kostpris og netto salsverdi

**Fordringar**

Kundefordringar og andre fordringar vert oppført til pålyande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. Avsetjing ved utgangen av rekneskapsåret var på kr 140 000 for kundefordringar

**Konsolidering og konsernrekneskap**
Konsernrekneskapen er utarbeida slik at det viser konsernet som ei eining. Alle vesentlege transaksjonar mellom selskapa er eliminert i konsernrekneskapen.
Dei enkelte selskapsrekneskapa er kvar for seg satt opp etter god rekneskapsskikk.

**Bankinnskot, kontantar o.l.**
Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmidlar med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå kjøpstidspunkt. Bunde skattetrekksmidlar utgjer pr. 31.12 kr 1 242 611.

**Skattar**
Skattekostnaden vert samanstilt med rekneskapsmessig resultat før skatt. Skatt knytta til eigenkapitaltransaksjonar, for eksempel konsernbidrag, er ført mot eigenkapitalen.

# SIRIUS SOGN AS

## NOTAR TIL KONSERNREKNESKAPEN 2024

**Note 2 Lønskostnad, tal på tilsette, godtgjering, lån til tilsette med meir**

| **Lønnskostnad** | **2024** | **2023** |
|---|---|---|
| Løn | 28 618 063 | 29 346 525 |
| Arbeidsgjevaravgift | 3 621 556 | 3 283 534 |
| Pensjonskostnader | 1 170 762 | 741 973 |
| Andre ytingar | 720 975 | 453 190 |
| Sum | 34 131 356 | 33 825 223 |
| Gjennomsnittlig tal tilsette for konsernet | 48 | 48 |

| **Lønn og honorar til leiande personar** | **2024** | **2023** |
|---|---|---|
| **Bilhuset Førde AS** | | |
| Løn til dagleg leiar | | 2 809 339 |
| Pensjon | | 67 425 |
| Andre skattepliktige godgjersler | | 109 098 |
| **Toyota Sogn AS** | | |
| Løn til dagleg leiar | | 1 072 318 |
| Pensjon | | 25 460 |
| Andre skattepliktige godgjersler | | 141 099 |

Sirius Sogn AS, Ani Anlegg AS og Ani Gruppen AS har ingen tilsette.
Ani Utleige AS har ikkje utbetalt løn til dagleg leiar. Konsernet har ikkje utbetalt styrehonorar i 2024

**Revisor**
Revisjonshonorar for konsernet er på kr. 458 016. Honorar for andre tenester er utgiftsført med kr. 29 750.
Beløpa er eksklusive meirverdiavgift.

**Note 3 Aksjekapital og aksjonærinformasjon**

**Eigarstruktur**
Aksjonær i selskapet pr. 31.12. var;

| | **Tal aksjar** | **Pålydande** | **Sum** | **Eigar-del** | **Stemme-del** |
|---|---|---|---|---|---|
| Tor Arne Ness | 15 | 2 000 | 30 000 | 100 % | 100 % |
| **Sum aksjar** | **15** | **2 000** | **30 000** | **100 %** | **100 %** |

**Tor Arne Ness er styreleiar for desse selskapa;**
- Sirius Sogn AS
- Ani Gruppen AS
- Ani Anlegg AS
- Bilhuset Førde AS
- Parkvegen 5 AS
- Kaupanger Eigedomsselskap AS

**Tor Arne Ness er dagleg leiar for desse selskapa;**
- Sirius Sogn AS
- Toyota Sogn AS
- Ani Utleige AS

## SIRIUS SOGN AS

## NOTAR TIL KONSERNREKNESKAPEN 2024

**Note 4 Skattar**

| Arets skattepliktige resultat kjem fram slik: | 2024 | 2023 |
|---|---|---|
| Resultat før skattekostnad | 19 009 493 | 22 508 077 |
| **Permanente skilnadar:** | | |
| Andre permanente skilnadar | -478 670 | -660 019 |
| Sum permanente skilnadar | -478 670 | -660 019 |
| **Skatteeffekt av mellombelse skilnadar:** | | |
| Anleggsmidlar | 846 993 | 1 725 299 |
| Kundefordringar | 20 000 | - |
| Varelager | 976 931 | 1 086 506 |
| Gevinst og tap | 410 193 | 532 205 |
| Andre fordringar | - | 108 451 |
| Rekneskapsmessig avsetning | -13 596 | |
| Sum endring mellombelse skilnadar | 2 240 521 | 3 452 461 |
| Skattegrunnlag i år | 20 771 344 | 25 300 519 |
| Bruk av framførbart underskot | -407 491 | -414 724 |
| Arets skattepliktige inntekt | 20 363 853 | 24 885 795 |
| **Betalbar inntektsskatt (22 %)** | **4 480 047** | **5 474 873** |

**Spesifikasjon av mellombelse skilnadar:**

| | 2024 Fordel | 2024 Forplikting |
|---|---|---|
| Anleggsmidlar | 13 395 749 | - |
| Fordringar | 340 000 | - |
| Varebeholdning | 5 231 145 | - |
| Pensjonspremiefond | - | 19 131 |
| Gevinst og tap | - | 1 718 626 |
| Framførbart underskot | 10 678 | - |
| Sum | 18 977 572 | 1 737 757 |
| Utsatt skatt av mellombelse skilnadar | - | 382 307 |
| Sum utsatt skatteforplikting | - | 382 307 |
| Utsatt skattefordel av mellombelse skilnadar | 3 792 759 | - |
| Sum utsatt skattefordel | 3 792 759 | - |
| Ikkje bokført utsett skattefordel | - | 280 032 |
| Netto utsatt skatteforplikting/-fordel | | 3 512 727 |

**Skattekostnad i resultatrekneskapen inneheld:**

| | |
|---|---|
| Betalbar skatt i året | 4 480 047 |
| Endring utsett skatt | -483 711 |
| Skattekostnad | 3 996 336 |

**SIRIUS SOGN AS**

**NOTAR TIL KONSERNREKNESKAPEN 2024**

**Note 5 Varige driftsmidlar (tal i heile tusen)**

**Konsern, inkl merverdi**

| | Bygninger og leilighet | Driftsløsøre | Anlegg under utførelse | Tomt | SUM |
|---|---|---|---|---|---|
| Kostpris 1.1. | 88 164 | 23 369 | 173 | 8 075 | 119 781 |
| Tilgang | 1 321 | 2 870 | 811 | - | 5 002 |
| Avgang | - | -2 361 | | - | -2 361 |
| **Kostpris 31.12.** | 89 485 | 23 878 | 984 | 8 075 | 122 422 |
| Akkumulerte avskrivingar 31.12. | 31 418 | 17 670 | - | - | 49 088 |
| **Bokført verdi pr. 31.12.** | **58 066** | **6 208** | **984** | **8 075** | **73 333** |
| Avskriving i år | 3 142 | 2 360 | - | - | **5 502** |
| Økonomisk levetid | 25 -50 år | 2-8 år | - | - | |
| Avskrivingsplan | Lineær | Lineær | Ingen | Ingen | |

**Note 6 Langsiktig gjeld**

| | 2024 | 2023 |
|---|---|---|
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 39 116 336 | 49 148 631 |
| Sum langsiktig gjeld | 39 116 336 | 49 148 631 |

**Opplysningar om pantelån**

**Gjeld som forfaller etter 5 år:** 18 084 850

**Covenantskrav selskap i konsernet:**
Det er påtagt ulike covenant krav på ulike selskap i konsernet
For datterselskapet Bilhuset Førde AS hadde man pr. 31.12.2023 ein eigenkapital på 15,7% og eigenkapitalprosenten skal til ei kvar tid ikkje være lågare enn dette. Bokført eigenkapital skal aukast til minimum 25% pr. 31 12.2025 og skal deretter til eikvar tid ikkje være lågare enn dette.
Viare skal Bilhusert Førde AS sitne trekk på kassekreditt til ei kvar tid ikkje være høgare enn 60% av bokført verdi av varelager, driftstilbehør og kundefordringar

For datterselskapet Parkvegen 5 AS hadde man pr. 31.12.2023 ein eigenkapital på 6,3% og eigenkapitalprosenten skal til ei kvar tid ikkje være lågare enn dette. Inntil selskapet har oppnådd eiin bokført eigenapital på 20% har ikkje selskapet høve til å dele ut utbytte utan godkjenning frå bank

## SIRIUS SOGN AS

## NOTAR TIL KONSERNREKNESKAPEN 2024

**Note 7 Konsolidering av dotterselskap**

Konsernet består av;

**Mor:** Sirius Sogn AS

| **Dotterselskap:** | **Forretnings-kontor** | **Aksjekapital** | **Eigar- og stemmeandel** |
|---|---|---|---|
| Ani Gruppen AS | Kaupanger | 2 970 000 | 52 % |
| | | | |
| **Dotterselskap av dotterselskapa:** | | | |
| Bilhuset Førde AS | Førde | 1 100 000 | 100 % |
| Toyota Sogn AS | Kaupanger | 200 000 | 100 % |
| Ani Anlegg AS | Kaupanger | 2 000 000 | 100 % |
| Ani Utleige AS | Kaupanger | 100 000 | 100 % |
| **Dotterselskap av dotterselskapa** | | | |
| Kaupanger Eigedomsselskap AS | Kaupanger | 35 516 | 100 % |
| Parkvegen 5 AS | Sogndal | 1 000 000 | 100 % |

**Note 8 Eigenkapital**

| | **Aksjekapital** | **Overkurs** | **Annan eigenkapital** | **Minoritet** | **Sum** |
|---|---|---|---|---|---|
| Eigenkapital 1.1. | 30 000 | 4 000 | 59 426 867 | 30 609 054 | 90 069 921 |
| Utbytte | - | - | -1 300 000 | -5 760 000 | -7 060 000 |
| Endring mot ek | - | - | 1 400 000 | - | 1 400 000 |
| Årets resultat | - | - | 11 050 938 | 3 962 220 | 15 013 158 |
| Eigenkapital 31.12. | 30 000 | 4 000 | 70 577 804 | 28 811 274 | 99 423 078 |

**Note 9 Pantsetjingar og garantier**

| | **2024** | **2023** |
|---|---|---|
| Pantesikra gjeld: | | |
| Kortsiktig gjeld til kredittinstituasjoner | 21 246 579 | 22 424 154 |
| Langsiktig lån | 39 116 336 | 49 148 631 |
| | | |
| Bokført verdi av eigendeler som er stilt som sikkerheit for denne gjelda: | | |
| Driftsmidler og bygningar | 73 333 889 | 74 493 443 |
| Kundefordringar | 9 078 399 | 29 777 851 |
| Varelager | 60 954 769 | 68 211 776 |
| Sum bokførte verdiar | 143 367 057 | 172 483 070 |

**Garantier:** 10 155 000 Garantiforpliktelse stilt fra bankforbindelse med pant i overståande eigedelar.

**Note 10 Aksjar i tilknytta selskap**

| **Firma** | **Forretnings-kontor** | **Eigar- og stemmeandel** | **Kostpris** | **Utbytte 2024** | **Resultat 31.12** | **Andel resultat justert for utbytte** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Skadesenteret Sogn AS | Kaupanger | 50 % | 1 700 000 | 2 600 000 | 2 623 390 | 23 390 |
| Føyrane AS | Kaupanger | 50 % | 4 155 719 | 200 000 | 399 114 | 199 114 |
| Kaut AS | Kaupanger | 33 % | 1 000 000 | 0 | -274 939 | -274 939 |
| Sum | | | 6 855 719 | 2 800 000 | 2 747 565 | -52 435 |

# SIRIUS SOGN AS

## NOTAR TIL KONSERNREKNESKAPEN 2024

**Note 11 Andre ikkje balanseførte forpliktelser**

Årleg leige av ikkje balanseførte driftsmidler (operasjonell leasing)

| Type | Leigeperioden opphører | Årleg leige |
|---|---|---|
| Driftsmiddel | 31.12.2024 | 69 246 |

Ikkje balanseførte forpliktelser knytt til tilbakekjøp av bilar solgt gjennom leasing:

| Utløpstid år | |
|---|---|
| 2025 | 12 691 830 |
| 2026 | 15 121 681 |
| 2027 | 7 289 244 |
| 2028 | 2 883 772 |
| 2029 | 367 073 |
| 2030 | 0 |
| **Sum ikkje balanseførte forpliktelser** | **38 353 600** |

**KONSERNREKNESKAP**
**SIRIUS SOGN AS**
**KONTANTSTRAUMANALYSE 2024**

| | 2024 | 2023 |
|---|---|---|
| Årsresultat før skattekostnad | 19 009 493 | 22 508 077 |
| Periodens betalte skatt | -5 474 873 | -5 045 020 |
| Ordinære avskrivninger | 5 501 729 | 6 345 823 |
| Nedskrivning finansielle anleggsmidlar | | |
| Reverserving nedskrivning finansielle anleggsmidlar | | |
| Tap/gevinst ved sal av andre aksjar | | |
| Effekt av valutakursendringer | | |
| Gevinst /Tap avgang driftsmiddel | 0 | 45 256 |
| Gevinst avgang tilknytta selskap | 0 | 0 |
| Resultatandel tilknytta selskap | -1 419 615 | -1 277 323 |
| Endring i varer | 7 257 006 | -16 062 240 |
| Endring i kundefordringer | 20 699 452 | -9 450 441 |
| Endring i leverandørgjeld | -1 180 714 | 655 247 |
| Endring i andre omløpsmidler og andre gjeldsposter | -7 909 931 | 536 234 |
| **Netto kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter** | **36 482 547** | **-1 744 387** |
| | | |
| Transaksjoner ved kjøp/ salg av finasielle anleggsmidler | -8 642 696 | -2 420 441 |
| Transaksjoner ved kjøp/salg av anleggsmidlerdriftsmidler | -7 282 559 | -2 988 000 |
| **Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter** | **-15 925 255** | **-5 408 441** |
| | | |
| Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld | -10 032 296 | -10 165 781 |
| Endring kortsiktig gjeld til kreditinstitusjoner | -1 177 575 | 1 876 912 |
| Utbetaling av utbytte | -6 000 000 | -3 200 000 |
| **Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter** | **-17 209 871** | **-11 488 869** |
| | | |
| Netto endring i bankinnskudd, kontanter og lignende | 3 347 421 | -18 641 696 |
| Beholdning av bankinnskudd, kontanter og lignende pr 01.01. | 7 115 315 | 25 757 012 |
| **Beholdning av bankinnskudd, kontanter og lignende pr 31.12.** | **10 462 736** | **7 115 315** |